



Hjartdal kommune  
Teknisk etat  
3692 Sauland

## Løyve til etablering og drift av slamhandsamingsanlegg på Elgvad, Hjartdal kommune

Vi syner til søknad datera 18.02.03, tilleggsopplysningar oversendt pr e-post 24.09.03, søknad med utfyllande opplysningar og kart datera 24.01.04, møte 03.02.04 og brev av 12.03.04.

### VEDTAK:

I medhald av forureiningslova § 11 og 29, jf. § 16 og § 6 i forskrift om gjødselvarer mv., gjev Fylkesmannen med dette Hjartdal kommune løyve til drift av slamhandsamingsanlegg på Elgvad gnr. 83 bnr. 1, Hjartdal kommune. Det kan handsamast inntil 4000 m<sup>3</sup> slam pr. år ved anlegget, i tillegg til at det kan lagrast tilsatsmateriale på ca. 250 m<sup>2</sup> av området. Det er ikkje tillate å lagre slam lengre enn 6 år ved ettermodningsanlegget. Det er ein føresetnad for løyvet at ferdig kompost vert nytta som eit produkt. Området som skal brukast gjeng fram av kart oversendt 24.01.04.

I medhald av § 16 i forureiningslova er løyve gjeve på fastsatte vilkår, jf. vedlegg. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom løyvet ikkje er teken i bruk innan 1 år, skal det redegjerast for forholdet.

### I vilkåra er det gjeve følgande fristar:

Tiltak	Frist	Vilkår
Melding om at anlegget er ferdig sendast Fylkesmannen	14 dager innan oppstart av nytt anlegg	2
Internkontrollsystem sendast Fylkesmannen	14 dager innan oppstart av nytt anlegg	4.1
Prøvetakingsprogram sendast Fylkesmannen	2 mnd innan oppstart av nytt anlegg	4.4
Planar og instruksar sendast Fylkesmannen	14 dager innan oppstart av nytt anlegg	4.5
Årsrapportering sendast Fylkesmannen	1.mars kvart år	5

### **Bakgrunn**

Hjartdal kommune har dreve handsaming av slam på Elgvad i 15-20 år. Anlegget er i dag ca. 2 daa stort, inklusive trafikkareal. Det eksisterande anlegget skal utvidast til laguner med våtmarksfilter. Anlegget lokaliserast på ein liten breelvavsetning med varierende sorteringsgrad. I området hvor det nåverende anlegget er lokaliserast, skal det byggast laguner med våtmarksfilter. Her er massene grove og dårleg sortera, og kan karakteriserast som steinig, sandig grus. Etter at anlegget er ferdig bygd, vil det vere ein umetta sone på minimum 1,5 meter under lagunene, og man anslår at avstanden til fjell vil vere meir enn 3 meter. Nærmere Skogsåa er massene betre sortera, og med høgare innhald av sand.

Massene ved planlagt område for langtidslagring for slam kan karakteriserast som grusig, steinig sand, og har en umetta sone på 1,5-2,0 meter. Bekken som renn langs slamlaguneanlegget skal lukkast i ein lengde på ca. 100 meter og flyttast 10-15 meter mot øst. Dette fører til at oppholdstida for sigevatnet frå slamhandsamingsanlegget vert lengre før det når vannresipienten. Oppholdstida er beregna til mellom 50 og 100 døgn.

Avstand frå slamanlegget til Skogsåa er ca 250 meter. Det er minst 2,5 km i luftline til næraste nabo.

Kommunen har utvikla eit opplegg for etablering, drift og kontroll av tette tankar for avløpsvatn frå fritids- og helårsbustader. Medregna slam frå renseanlegg vil det vere behov for å handsame ca. 4000 m<sup>3</sup> slam ved Elgvad pr. år. Drifta på anlegget er basera på avvanging ved filtrering, naturleg infiltrasjon og opptak i mikroorganismar og planter. Hygienisering og stabilisering skal skje under langtidslagringa ved anlegget.

### **Innkomne uttaler/merknader**

Med bakgrunn i § 7 b) (2. avsn.) i forskrift om behandling av tillatelse etter forureiningslova har Fylkesmannen bede om at saken kun får den naudsynte kommunale handsaming, og særskilt at lokale helse- og miljøvernmyndigheter får saka til uttale. Kommunen har varsla alle naboar. Hjartdal kommune har ikkje motteke merknader frå noen lag eller organisasjonar, privatpersonar eller naboar vedrørende søknaden. Helsekontoret i kommunen har gjeve ei administrativ uttale, og tilrår at søknaden blir innvilga. Helserådet skriver i sin uttale at det er viktig å sjå til at ettermodningen blir ein aerob prosess for å begrense luktutslipp frå anlegget.

### **Grunngjeving**

I St. meld. nr. 24 (2000-2001) er det eit nasjonalt resultatmål at innan 2010 skal 75 % av generert avfall attvinnast. Avfall skal attvinnast for å løyse miljøproblema avfallet årsaker ved deponering, samtidig skal det ikkje settast i verk attvinningstiltak som kostar meir for samfunnet enn det samfunnet får att. Det er igangsatt eit program for økt attvinning av våtorganisk avfall og slam som skal bidra til at miljøproblema knytta til dette avfallet reduserast. Næringsstoffene og det organiske materialet skal utnyttast og førast attende til naturens krinslaup på ein samfunnsøkonomisk og ressursmessig god måte.

Etablering av det omsøkte anlegget er i samsvar med myndigheitenes satsing på attvinningsløysningar. Slam frå renseanlegg og slamavskillarar/tette tanker vil her kunne verte omdanna til nye ressurser med omsyn på jordforbetring.

**Kunngjering**

Fylkesmannen vil kunngjere dette vedtaket i aktuelle aviser på kommunens regning.

**Klage**

Løyvet kan påklagast SFT innen tre veker frå løyvet er motteke. Begrunna klage skal sendast via Fylkesmannen. Ein syner til forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 29 og 32.

Med helsing

Arne Malme  
Fung. fylkesmann

Morten Johannessen  
Avdelingsdirektør

Vedlegg:

1. Vilkår for løyve til etablering og drift av slamhandsamingsanlegg på Elgvad
2. Generelle vilkår
3. Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav

Kopi med vedlegg 1 og 2:

Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo  
Mattilsynet, Regionkontor for Buskerud, Vestfold og Telemark, felles postmottak,  
Pb.383, 2381 Brumunddal  
Landbruksavdelinga, her

Vedlegg 1



**Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavdelingen**

*Løyve til etablering og drift av  
slamhandsamingsanlegg på Elgvad,*

*Hjartdal kommune*

Gjeve i medhald av lov om vern mot forureining og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 29, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysninger i søknad datera 18.02.03, tilleggsopplysninger oversendt pr e-post 24.09.03, søknad med utfyllande opplysninger og kart datera 24.01.04, møte 03.02.04 og brev av 12.03.04.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Søker:	Hjartdal kommune	Kommune:	Hjartdal
Søkers adresse:	3692 Sauland	Fylke:	Telemark
Org.nr.	964963649	Kartreferanse:	UTM-NORD: 661310
Beliggenhet:	Elgvad, gnr. 83 bnr. 1	1614-2	UTM-ØST: 49590 ED 50

Fylkesmannens referanse:

Arkivkode: 2003/2283/ksb/471

Løyvet er gjeve: 21.06.2004

Kristin Sæverud Brekke  
førstekonsulent

Ingvar Oland  
senioringeniør

## **INNHLD**

1	SLAM OG MENGDER.....	6
1.1	Slam.....	6
2	KOMPONENTAR I ANLEGGET.....	6
2.1	Laguner med våtmarksfilter .....	6
2.2	Langtidslagring/ettermodningsanlegg .....	6
2.3	Lager for strukturmateriale .....	7
2.4	Krav til ferdig kompost.....	7
3	KRAV TIL SLAMHANDSAMINGSANLEGGET .....	7
3.1	Beskyttelse mot vannforureining.....	7
3.2	Beskyttelse mot nærmiljøulemper.....	7
4	KVALITETSSIKRING OG KONTROLL.....	7
4.1	Internkontroll.....	7
4.2	Registrering .....	7
4.3	Anna avfall .....	8
4.4	Overvaking av forureiningsspredning til vatn.....	8
4.5	Planar og instruksar .....	8
5	RAPPORTERING.....	8
6	GENERELLE VILKÅR .....	9

## 1 SLAM OG MENGDER

### 1.1 Slam

Løyvet omfattar mottak og handsaming av slam frå renseanlegg, tette tankar og slamavskillarar i Hjartdal kommune. Følgjande mengde slam og tilsatsmateriale kan takast i mot ved anlegget:

Slam og tilsatsmateriale	Avfallsmengder (m <sup>3</sup> ) pr. år
<b>Slam</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Slam frå renseanlegga (2 % TS)</li><li>• Slam fra slamavskillarar (1,5 % TS) og tette tankar (0,5 % TS)</li></ul>	≈ 4000
<b>Tilsatsmateriale</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bark</li><li>• Hageavfall</li><li>• Kverna kvist/flis</li></ul>	≈ 4000
<b>Sum motteke mengder som er tillate pr. år</b>	≈ 8000

Løyvet omfattar ikkje noko anna avfall enn det som er nevnt over.

Ved behov for mottak og handsaming ut over dei mengder og avfallstyper som løyvet spesifiserer, må det søkjast Fylkesmannen spesielt i kvart høve. Mottak og innblanding ved anlegget skal i slike tilfelle ikkje skje før løyve ligg føre.

## 2 KOMPONENTAR I ANLEGGET

**Melding om når det nye komposteringsanlegget er venta ferdig, skal oversendast Fylkesmannen 14 dagar før oppstart.**

### 2.1 Laguner med våtmarksfilter

Lagunene skal plasserast (utvidelse av dagens slamlaguner) på den delen av breelvvavsetninga med grove og dårleg sortera massar. For å vege opp for dette, skal dei stedlege massane i bunnen av lagunane erstattast med sandfilter med ein hydraulisk kapasitet på 0,02 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>. Etablering av fordelingslag av puk (støvfri) bør vurderast. Hensikten med eit slikt fordelingslag er å fordele slam med lavt tørrstoffinnhold jevnast mogleg over infiltrasjonsflata, og det skal verke som eit utjamningsvolum ved kortvarig høg belastning.

Etter to år skal avvatna slam tas ut av lauguner/våtmarksfilter og leggast over i anlegg for langtidslagring av slam. Før nytt slam tilførast i laguna, skal det byggast opp eit nytt sandfilter.

### 2.2 Langtidslagring/ettermodningsanlegg

Langtidslagring for avvatna slam plasserast på den delen av breelvvavsetninga med grusig, steinig sand. Avvatna slam tilsetjast tilsatsmateriale og ferdig kompost, blandast og leggast ut i ranke. Slam frå ulike år skal haldast fysisk adskilt. Etter 6 år skal slammet

vere stabilisera og hygienisera. Det er ikkje tillate å lagre slam lengre enn 6 år ved ettermodningsanlegget.

### *2.3 Lager for strukturmateriale*

Som strukturmateriale kan det nyttast bark, hageavfall og kverna kvist/flis, jf. 1.1. Det er ikkje tillate å lagre strukturmateriale utover det arealet som er merka av på kart oversendt 24.01.04.

### *2.4 Krav til ferdig kompost*

Det er ein føresetnad for løyvet at ferdig kompost vert nytta som eit produkt. Slammet skal tilfredsstillе krava gjeve i forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav. Alle avfallsbaserte gjødselvarer skal vere godkjent før dei marknadsførast og omsetjast. Søknad om godkjenning skrives på eige skjema frå Mattilsynet (tidligere Landbrukstilsynet). Kapittel 5 i forskrift om gjødselvarer setter krav om merking, markedsføring og omsetjing for jordforbetningsmidler.

## **3 KRAV TIL SLAMHANDSAMINGSANLEGGET**

### *3.1 Beskyttelse mot vannforureining*

Laguner med våtmarksfilter, ettermodningsanlegg og lager for strukturmateriale må vere konstruera slik at forureina overflatevatn og sigevatn frå anlegget ikkje renn ut av området. Sigevatn frå produksjonsarealet skal infiltrerast i stedeagne masser/sandfilter.

### *3.2 Beskyttelse mot nærmiljøulempen*

Komposteringsanlegget skal verte drive slik at ulempene i nærmiljøet minimaliserast.

Støy frå verksemda skal haldast innanfor gjeldande krav, se retningsliner for begrensning av støy, TA 506, utgitt av SFT, eller forskrift fastsatt av lokale myndigheter.

## **4 KVALITETSSIKRING OG KONTROLL**

### *4.1 Internkontroll*

I henhold til § 5 i forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav, skal verksemden som omfattast av forskrifta innføre og utøve internkontroll. **Internkontroll utarbeida for anlegget oversendast Fylkesmannen 14 dagar før oppstart av nytt anlegg.**

### *4.2 Registrering*

Mengder slam og tilsatsmateriale som nyttast i slamhandsamingsanlegget skal registrerast. Mengde ferdig kompostera slam som forlet anlegget skal også registrerast. Avfallet som mottas skal vere i tråd med dei avfallskategoriene som går frem av pkt. 1.1 i løyvet.

#### 4.3 *Anna avfall*

Eventuelt avfall frå komposteringa eller anna avfall enn det som er nemd i pkt 1.1 skal leverast til godkjend fyllplass med løyve til mottak av aktuelle typer avfall. **Det er ikkje tillate med noko former for deponering av avfall eller slam på området.**

#### 4.4 *Overvaking av forureningsspreiing til vatn*

**Det skal leggest fram eit prøvetakingsprogram for overvaking av grunnvatn og overflatevatn i området nedstraums komposteringsanlegget to mnd før oppstart av nytt slamhandsamingsanlegg.** Utarbeiding av prøvetakingsprogram, etablering av eventuelle brønner og prøvetaking, skal gjerast av kompetent personell. Alle prøvene skal analyserast ved akkreditert laboratorium for dei aktuelle parametranne. Analysekostnadane skal dekkast av anleggseigaren.

#### 4.5 *Planar og instruksar*

Det skal utarbeidast planer som gjer rede for rutiner, prosessar og tiltak ved vanleg drift og ved avvikssituasjonar, samt ved stenging av anlegget. Desse skal omfatte:

- a. Vilkår i dette løyvet samt andre relevante vilkår og bestemmelser fastsatt i aktuelle lover, forskrifter og retningslinjer
- b. Instruks for mottaksrutiner for avfall
- c. Beredskap mot tilførsel av avfall som ikkje er tillate motteke
- d. Plan over tiltak ved stenging/nedlegging

**Planane skal sendast Fylkesmannen 14 dagar før oppstart av nytt anlegg.** Ved endring av planane skal det sendast melding til Fylkesmannen.

## 5 **RAPPORTERING**

**Årsrapport frå drifta av anlegget skal oversendast Fylkesmannen innan 1. mars kvart år.** Rapporten skal vere ein gjennomgang av drifta det siste kalenderåret, og skal innehalde følgjande:

1. Avfallsregnskap basera på mengder og typer avfall, herunder:
  - a. Motteke mengde slam
  - b. Motteke mengde strukturmateriale
  - c. Mengde levera/solgt kompost
  - d. Mengde lagra slam og strukturmateriale pr. 31.12
2. Sammenstilling og vurdering av overvåkingsdata frå prøvetakingsprogrammet
3. Eventuelle klager over miljøproblem som følge av drifta

## **Vedlegg 2:**

### **6 GENERELLE VILKÅR**

#### **Ansvar**

Konsesjonseigar er ansvarleg for at Elgvad slamhandsamingsanlegg blir dreve i samsvar med løyvet. Brudd på krava er straffbart etter forureiningslova, kap. 10.

Løyvet fritar ikkje for erstatningsansvar etter alminnelige erstatningsregler, jf. forureiningslova § 10, andre ledd, samt innhenting av løyve for andre sider ved verksemda ved anlegget.

Endringer som anleggseier ynskjer å gjere i forhold til løyvet, må godkjennast av Fylkesmannen.

Løyvet fritek ikkje innehaveren frå å innrette seg etter eller innhente løyve etter anna lovverk.

#### **Forureiningsgebyr**

I medhold av forureiningslovens § 73 kan Fylkesmannen fastsettje forureiningsgebyr for å sikre at tiltaka gjennomførast som forutsatt i løyvet.

#### **Juridisk verkeområde, forandring av vilkår, tilbaketrekking av løyve**

Løyvet er underordna forureiningsloven, og er elles overordna nasjonale og regionale forskrifter, retningsliner og veiledninger, med mindre ikkje noe anna nemt i løyvet.

I medhald av forureiningsloven § 18, kan Fylkesmannen oppheve eller forandre vilkåra i løyvet eller fastsettje nye vilkår, og om naudsynt trekkje løyvet attende. I alle tilfelle kan løyvet trekkjast attende eller endrast når 10 år er gått sidan løyvet blei gjeve.

#### **Inspeksjon**

Den som har fått løyve pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheiten inspisere anlegget til einkvar tid, jf. forureiningslovens § 50.

#### **Naudsynt sikkerhet**

Eigaren skal stille naudsynt sikkerhet for utgifter som følgje av rimelege tiltak for å hindre, begrense, fjerne eller avbøte forureiningskade under drift eller ved opphør og stenging av anlegget, jf. §§ 57 og 63 i forureiningslova.

**Nedlegging eller driftstans**

Endringer i verksemdas eierforhold, omfang av verksemda eller andre høve som verkar inn på Fylkesmannens arbeid, skal utan opphald meldast Fylkesmannen.

**Brudd på løyve**

Overtreding av løyvet er straffbart i henhold til §§ 78 og 79, med mindre forholdet går inn under strengere straffebestemmelser.